

SISTE INDRE

Vi er gode nyheter



JESUS ER SVARET, MEN KVA ER SPØRSMÅLET?

“Jesus is the answer, for the world today”, står det i den berømte sangstrofa til Andre Couch frå 70-talet. Eg vaks om med slik gospel-musikk, og “Jesus er svaret” er eit uttrykk eg og mange kristne har brukt opp gjennom. Men kva er spørsmåla verda stiller i dag?

Når eg påstår at svaret er Jesus, utan å spesifisera nærmare kva spørsmålet er, vil det seia at dette svaret passar til fleire spørsmål, alt frå det heilt daglegdagse ting til dei store, eksistensielle spørsmåla. For meg er det opplagt slik, og det har vore slik heile livet mitt. Kontakten eg har med Jesus gjennom bibel og bønn gjev meg svar på korleis eg skal bruka tida mi og pengane mine, korleis eg skal behandla ektefelle og familie, og kva håp og tankar eg har om døden og det som skjer etterpå.

Men for mange rundt meg er det ikkje slik, og det trur eg me som indremisjonsfolk veit og forstår. Dei fleste i Norge tenker at Jesus er irrelevant som svar, fordi dei ikkje trur at han er til, eller eventuelt ikkje er ein person du kan ha kontakt med her og nå.

Men dei har spørsmål. Menneske vil alltid ha det, fordi det er så mykje me ikkje veit. Sjølv dei beste forskarar seier at jo meir me oppdagar om mennesket og verda, jo meir skjønar me og at me ikkje forstår.

Klimakrisa rokkar ved noko av tryggleiken som menneske i tidlegare tider har hatt. Nå er det ikkje sikkert at jorda alltid vil vera lik

lenger. Det har me som leser bibelen visst i to tusen år. Jorda kjem ikkje til å vara evig. Svaret som Jesus gjev på klimaspørsmålet er at han skal laga ei ny jord. Samtidig gjev Jesus også svaret på korleis me kan handtera overforbruk og sløsing med jordas ressursar her og nå. Ikkje ten Mammon og ha han som herre i livet ditt, men fokuser heller på Guds rike og ha skatten din i himmelen, seier han. Mange menneske spør også i dag om himmelen og det evige livet. Sjølv sagt veit me at rundt halvparten av folk i Norge faktisk ikkje trur det kjem nokon ting etter døden. Men det er eit så håplaut synspunkt, bokstaveleg talt, at eg trur mange av desse 50 % innerst inne håpar og er opne for eit anna alternativ. Jesus er det einaste 100% sikre svaret på kva som skjer etter døden, i og med at han har vore på den andre sida og kome tilbake igjen. Dermed kan eg trygt gå døden i møte i Jesu fotspor når eg følgjer hans ord. Derfor syns eg det er fint å vera i gravferda til ein kristen.

Likevel verkar det som dei fleste spørsmåla menneske i dag har gjeldt livet her og nå. Mange av strukturane og rammene som menneske treng å ha, held på å rakna i vårt samfunn. Trua på mennesket og våre eigne evner og fornuft spelar fallitt, og mange leiter etter andre rammer enn at “du skal vera grei og snill, ellers kan du gjera kva du vil”. Og Jesus har oppskrifta på det gode liv, fordi han er opphavet til alt liv.

Lat oss leva ut Jesu ord i kvardagen, i våre eigne liv, ved å tena kvarandre og snakka slik Jesus gjorde. Då vil mange sjå det og undrast. Og kanskje forstår at Jesus er svaret.



Indremisjonsforbundet i Rogaland
Mjøhusvegen 70, 4364 Sirevåg
Tlf. 51 79 38 80
Nettside: imfrogaland.no
E-post: rogaland@imf.no

Direktenummer:
Anne Berit Aarsland 977 67 073
Terje Slettebø 51 79 38 80
Anne Birgitte Auestad 920 90 232
Anita Auestad 481 92 104
Gina Ueland 478 70 409

Kretsleiar
Reidar Røyland
Tlf. 480 23 433

Kretsstyreleder
Kari Helen Garheim
Tlf. 975 74 550

Bankgironr.
8220.02.80101
v:pps # 21841

SISTE INDRE
Organ for ImF-Rogaland
Tilslutta Indremisjonsforbundet
Kjem ut 4 gonger årleg
Kontingent kr 250,-
Redaktør: Terje Slettebø
Sats: Tubb
Trykk: Lura Trykkeri

OGNATUN
Mjøhusvegen 70
4364 SIREVÅG
Tlf. 51 79 38 88

Direktenummer
51 79 38 88
Heimeside: ognatun.no
Epost: ognatun@imf.no

Avdelingsleiar:
Elisabeth Kalvenes
Tlf. 51 79 38 88

Lys

I det siste så er det en sang som har gått igjen, og igjen i hodet mitt. Sangen handler om at verden kan vær så kald og bitter, at det føles som om det er vinter. Og skal en gjemme seg, mens en venter på noe bedre?

Midt i dette så hører en Guds stemme, som sier at lyset skal skinne for alle, så de kan se. Det er ofte lett å synge med på sanger som fenger, uten å tenke over innholdet. Denne sangen treffer meg, samtidig som den utfordrer meg og blir min bønn. En bønn om at jeg ønsker at Gud skal starte en flamme i meg. En flamme som kan varme, og skinne så sterkt at alle rundt meg kan se at det er Gud, og at det er han de trenger. Ber du om at Gud må starte en flamme i deg, en som kan varme og skinne? Ja, skinne så sterkt at de rundt deg ser dette, at det er Guds godhet, og at de ønsker mer av den?

Jeg er ofte redd for at flammen min er tent, men at den skinner ikke like sterkt eller varmer slik som jeg ønsker. Og hvordan kan da andre se at det er Guds godhet oppi dette?

En fin oppmuntring og trøst hentet fra 5. Mos. 33:25, "Som dine dager er, skal din styrke være".

Visste du at et telys gir cirka like mye varme som et menneske? Og når flere lys tenner, dess mer varme og større flamme blir det. Tenk om du og jeg kan være de som har den flammen som kan tenne et nytt lys på vår vei. Og det lyset vi tenner, tenner det neste osv. På den måten så kan Gud skinne sterkere og sterkere. Flere kan få se og erfare Guds godhet, og at det er han de trenger. En liten ting kan bety så mye, "Vennlige ord er dryppende honning, søte for sjelen og sunne for kroppen" Ords. 16:24.

Jeg ber for deg og meg om at lyset vårt skal skinne klart, helt til Jesus henter oss.



Kari Helen Garheim

*Det lille lys jeg har
det skal få skinne klart x3
skinne klart klart klart
skinne klart!*

*Sett det ei under bøtta, NEI
det skal få skinne klart x3
skinne klart klart klart
skinne klart!*

*Helt til Jesus henter meg,
det skal få skinne klart x3
skinne klart klart klart
skinne klart!*

ØKONOMI

Vi fylgjer budsjettet

Rekneskapen ut juli for ImF-Rogaland viser eit underskot på 497 777 kr. Dette er omtrent på budsjettet for denne tida på året. For heile 2024 har ImF-Rogaland budsjettert med balanse.

Samanliknar vi med fjoråret er inntektene så langt i år 2 422 654 mot 2 413 809 på same tid i år. Utgiftene er på 2 032 747 mot kr 3 276 443 på same tid i 2023.

På inntektssida uroar det oss at både foreiningsgaver og fast gjevarteneste har minka med 6% samanlikna med 2023. Reduksjonen i utgiftene kjem først og fremst av mindre lønnskostnader, her er det ein



nedgang på 14%. Grunnen til dette er at kretslederstillinga nå er i 50% og i tillegg har vi reduserte stillingar/permisjonar i barne og ungdomsarbeidet.

Vi håper på ein god økonomisk haust som kan vera med å styrka økonomien slik at vi kan sjå framover mot 2025 og ha berekraftig

økonomi for dei stillingar vi har når våre gode medarbeidarar er tilbake i ordinære stillingar etter permisjonar.

Hjarteleg takk for all støtte i offer og forbøn! For kretsstyret, Terje Slettebø, administrasjonsleiar.

Reidar Røyland på plass som kretsleder

-Det er fasinierende at det la seg til rette slik at eg skulle få vera den kretsledaren som starta prosessen med nettverksbygging i ImF-Rogaland. For eg har i mange år tenkt på at det vil vera god misjonsstrategi å byggja nettverk i kretsen og slik få utnytta ressursane i dei store forsamlingane, seier Reidar Røyland [57].

► Av Terje Slettebø

Han starta opp som kretsleder i halv stilling 1. aug og har tatt på seg denne oppgåva for eitt år.

-Det trigger meg å leda oppstarten av prosessen, der vi vil prøve å få til nettverk der ressursar, i blant anna Fredheim forsamling der eg sjølv er aktiv, skal kome heile kretsen til gode. Når behovet for ny leidar var der, og eg sjølv også såg at eg kunne fylla rolla, var det lett å seia ja for ein periode på eit år, og Reidar legg til: -Det er viktig at denne posten ikkje blir ståande tom.

Bergen

Reidar er fødd på Bryne og oppvaksen på Saron, som han uttrykker det. I tillegg var skulelaget på ungdomskulen og skulelaget Credo på vidaregåande viktig for han. Etter dette vart det Bibelskule og forkynnar kurs på Fjellhaug etterfølgd av reiseverksemd som ung forkynnar i NLM Sør-Vest. På nittitalet flytta han til Bergen og studerte økonomi, og i Bergen var han også tre år som ungdomssekretær i Bergens Indremisjon.

Åndeleg heim

Lærarutdanning tok Reidar i slutten av 20-åra. Han og kona Solfrid til Sandnes i 2001 og budd der i 23 år, og har to søner. Etter at dei flytta til Sandnes har Reidar arbeida som lærar eller skuleledar. Fredheim vart deira forsamling frå 2003. Den påtroppande kretsledaren har god kjennskap til og erfaring frå ImF sitt arbeid. Medlem av Forbundsstyret 2009 til 2017, fritidsforkynnar i ImF-Rogaland og med i kretsstyre i fleire periodar. – ImF har vore min åndelege heim frå 1991, uttrykker Reidar.

Koordinering

Nå går han i gang med å få i gang dialogen mellom foreiningar, forsamlingar og mindre bedehus.-Eg opplever det kjekt å gjevande å reisa rundt å forkynna, det gjev meg energi i kvardagen. Nå blir det ei ekstra viktig rolle også å samtale med styrer og leddar lokalt og tenkje koordinering av samarbeid.



Reidar Røyland er på plass bak arbeidspulten.

Misjonalt

Kva tenkjer du blir største utfordringa her? - Det trur blir å få bedehusa til å tenkja misjonalt. Mange bedehus tenkjer internt og utviklar sitt eige arbeid. Vi ynskjer på mange måtar at bedehus med ressursar skal dela og ta imot ressursar. Tanken og strategien er litt annleis enn fokuset ein har hatt før. Nå vil fokuset bli flytta også til å tenkja indremisjonsarbeid i eit område, forklarar Reidar og innrømmer at han er spent på korleis denne strategien vil fengja.- Det blir spennande å sjå om vi finn gode samarbeidskonstellasjonar og vil bedehusa oppleve å få nyttig hjelp som komplimenterer kvarandre?

Gjensidig nytte

Her trekkjer kretsledaren fram samarbeidet mellom Fredheim på Sandnes og Riska Bedehusforsamling som har innleia eit mini-nettverk. Møtedrifta på Fredheim mangla eit godt bibeltimetilbod, det hadde Riska. Medan ein på Riska mangla storsamling på søndagen og det har Fredheim. Dette meiner han er eit godt døme på korleis to forsamlingar kan dra gjensidig nytte av å starta samarbeid.

Livskraftig

Reidar er optimistisk på vegen av ImF sitt

arbeid. -Det frikyrkjelege lokale kristne arbeidet er livskraftig. Bedehusforsamlingar veks og har livskrafta i seg. Klarer ein å vera ekte, radikale, truverdige og heilheitlege, vil ein ha tiltrekkingskraft. Mange, særleg yngre, ynskjer å tilhøyra ei forsamlinga der dei får dekt alle åndelege behov.

Samarbeid

-Det blir spennande å sjå korleis organisasjonane utviklar seg framover, eg ser ikkje for meg samanslåing i næraste framtid, men det blir viktig å samarbeida med Misjonssambandet og Normisjon når vi skal byggja nettverk, vi kan dra veksle på kvarandre og ynskjer ikkje å byggja parallelle nettverk, understrekar han.

Fellesskap

Reidar har allereie fått nokre dagar på kretskontoret, og han gjev uttrykk for at han trivst i fellesskapet. Med bakgrunn som lærar reflektere han over at som lærar handlar det om å utvikle menneske i ein læringsprosess. Som kretsleder handlar det også om prosessar og samarbeid, utviklingsfellesskap og læringsfellesskap både på kretskontoret og ute i møte med det lokale leiarar og misjonsfolket.

Inspirasjon og utfordring til unge leiarar

Anita Auestad som er barne og ungdomsarbeidar i ImF-Rogaland syntest det var kjekt og inspirerende å samla unge leiarar til inspirasjon, opplæring og fellesskap.

- Tekst: Terje Slettebø
- Foto: ImF-Ung Rogaland

Lørdag 17. august var om lag 20 ungdommar frå 8 klasse til fullført vidaregåande samla til leder kickoff på Ognatun. Her vart aktuelle tema som «kven kan vera leiar?» og «Korleis vera ein god leiar?», tatt opp. Deltakarane fekk også eit lynkurs i andaktskriving av Kristian Auestad. Etterpå fekk dei ei praktisk øving i å skriva ein kort andakt. Anita opplevde at dei tok utfordringa på ein flott måte.

Etter ei teoretisk samling inne var det sosialt fellesskap med vannbalong-volleyball turnering og grilling i grillhytta. ImF-Ung Rogaland hadde invitert både tidlegare leirleiarar og leiarar i lokale ungdomslag. Også unge som kunne tenkja seg å bli leiarar var invitert.

- Tilbakemeldingane var positive på bra innhald og opplegg, mange syntest det hadde vore både lærerikt og godt fellesskap.



Kristian Auestad hadde lynkurs i andaktskriving.



Anita Auestad leder an.

Så er det ekstra kjekt når nye seier at dei har lyst å bli med som leiarar på leir, smiler Anita, og legg til at ho håper ein kan få til liknande leiarsamlingar på Ognatun også i framtida.



Vannbalong-volleyball er moro.



Sosialt og trivelig i grillbua både for store og små.

LEDERKONFERANSE

Straume Forum, Sotra

1-3
november
2024

at de
må bli
frelst

NETTVERK

1. BARNE- OG UNGDOMSLEDERE
2. FORSAMLING
3. TROSFORSVAR
4. SAMTALE OG VEILEDNING
5. ISRAEL
6. UNGE LEDERE
7. BØNN
8. HYRDE- OG ELDESTETJENESTE
9. GODHET

Hovedtalere



JOHAN HALSNE - RUNAR LANDRO - MARIT ANDERSEN - INGA BIRGITTE S. KNUTSEN - DANIEL SÆBJØRNSEN - THOR HAAVIK

Info og påmelding: leder-konferanse.no



Utviking av nettverksmodellen for Imf Rogaland

På årsmøtet til ImF Rogaland blei det vedteke å prøva ut nettverksmodellen som organisering av kretsen framover. Modellen er utarbeida av ein komite dei siste åra, og inneber at ein i større grad ser kretsen som ei samanslutning av forsamlingar og foreiningar. Ein av kretsens sine oppgåver er å leggja til rette for samarbeid mellom desse.

► Tekst: Reiar Røyland

Å sjå på kretsen som eit nettverk av forsamlingar og foreiningar, er ei fornying, men også ei tilbakevending til måten ein tenkte på i den aller fyrste tida då kretsen blei stifta. Då fann ulike foreiningar saman og danna ei felles plattform for hjelp til forkynning, og laga felles arrangement og etter kvart leiararbeid.

ImF Rogaland vil fortsetja å senda ut forkynnarar, driva leir og arrangera weekend, retreat og andre samlingar på Ognatun. Me har også starta eit samtaletilbud og eit mentortilbud med stor pågang, og alt dette er meint å komplementera det som blir drive lokalt på bedehusa. Kretsen er i posisjon til å arbeida på felt der ikkje den enkelte forsamlinga så lett kan få det til, og derfor treng me kretsen og Ognatun fortsatt. Men situasjonen i bedehusland har endra seg dramatisk dei siste tiåra, kanskje aller mest i Rogaland av alle kretsane i ImF. Mange sentralt plasserte forsamlingar har vakse og klarar i stor grad å driva lokalt arbeid utan støtte frå kretsen. Dermed sit dei i større grad på misjonsressursane innan menneske og økonomi, og det blir naturleg å tenka på den lokale forsamlinga som viktig i det fellesskapet kretsen utgjør.

Men å systematisk snakka med andre bedehus for saman å utvikla misjonsarbeidet, har ikkje mange forsamlingar eller foreiningar gjort. Det er naturleg at ein fyrst har mest fokus på korleis eins eige, næraste arbeid går. Men nå har årsmøtet og ImF vedteke at vegen vidare går gjennom å oppretta band mot andre forsamlingar, og me trur at både den enkelte forsamling og fellesskapet vil veksa på dette.



Vi ynsker å se kretsen som et nettverk av forsamlinger.



Ressurser til arbeidet kan ein hente frå andre forsamlingar i kretsen.

Oppstarten 2024/2025

Kretsledaren vil framover vera tilretteleggjaren for desse kanalane mellom forsamlingar og foreiningar. Han vil i fyrste omgang kontakta dei 13 forsamlingane og dei 7 lokalforeiningane med ynskje om å koma i samtale med styret. Kretsen ynskjer også at representantar for alle styra kan samlast til eit felles møte der me saman kan finna ut og sjå på korleis nettverket vårt kan sjå ut. Dette vil skje i haust og vinteren fram mot jul. Våren 2025 etablerer kretsen dei fyrste nettverka, der det er størst behov og praktisk lettast å få til.

Spørsmål og tema for nettverka

Spørsmålet vil i første omgang vera kva tankar dei ulike styra har for arbeidet og utviklinga framover. Kva er behova og kva er draumane? Desse spørsmåla vil bli vidareført

inn i nettverka me startar opp.

- Kva sektorar går godt, der ein opplever å nå ut med Guds ord og byggjer fellesskap av kristne?
- Når lukkast det å koma i kontakt med folk utanfor bedehuset?
- Kva val blei gjort som leidde til ei positiv utvikling?
- På kva felt kan forsamlinga dykkar hjelpa andre til å gjera framgang og nå lenger?

På same tid vil forsamlingar og foreiningar ha sektorar der ein ser eit potensiale, men ikkje har fått utvikla eit arbeid.

- På kva felt treng de idear til å starta opp eller gjennomføra arbeidet?
- Treng de støtte eller ressursar til arbeidet, som de kan få gjennom samarbeid med andre i kretsen?
- Er det noko spesielt de trur er viktig for akkurat dykkar forsamling å satsa på?

Eksempel på nettverk

Eit nettverk har Anne Berit Aarsland på kretskontoret starta opp. Ho har igangsett eit nettverk for sjelesorg og samtale som fleire av forsamlingane i kretsen nyttar. Dette er eit eksempel på behov som det ikkje er lett å få til lokalt, men gjennom kretsen kan alle nå tilby dette gjennom å knytta seg til sjelesorgnettverket som Anne Berit leier. Eit anna eksempel som er under utvikling er at kretsen i to år har arrangert møter om eldstefunksjonen og åndeleg leiarskap. Her har dei fleste av våre forsamlingar sendt representantar, og me har hatt to møter på Bore bedehus. Dette vil bli vidareført til eit nettverk for eldste og åndeleg leiarskap, for både dei som allereie har eldste og dei som ser behovet.

Blant andre nettverk som ein kan sjå føre seg, er eitt rundt forkynning, der tilsette og frivillige forkynnarar møtest for gå inn i ulike tema i og rundt Guds ord og måten me formidlar det på. Andre nettverk kan vera rundt bøn, eitt rundt diakoni, eitt rundt leiarutvikling, eitt rundt barne- og ungdomsarbeid og eitt rundt forsamlingsutvikling.

Drifta

På alle desse felta har me kome ulikt i dei ulike forsamlingane våre. Det sit tilsette eller frivillige i ulike bedehus med masse erfaring om korleis ein kan starta og driva slike sektorar i den enkelte forsamlinga. Me i ImF Rogaland ser for oss at ein sentral person leder kvart nettverk, og at dei innmelde i nettverket har kontakt med ledaren som legg til rette for samlingar og andre møte. I nokre tilfelle vil ledaren ha ei lønna stilling i nokre prosent, og derfor vil det vera ei årleg innmeldingavgift for å delta i nettverket.

Samarbeid med NLM og Normisjon

Dei fleste av forsamlingane og lokalforeiningane i ImF Rogaland er tilslutta eller arbeider nært med både NLM og Normisjon. Derfor er det naturleg at kretsen samtalar med desse to om kva nettverk dei har starta eller planlegg i næraste framtid. Signala frå orienteringsmøta kretsen hadde i fjor rundt dette med nettverksbyggjing, var at ein ikkje ynskte parallelle nettverk. I praksis vil det sei at kretsen i nokre tilfelle vel å gå inn i eit felles nettverk, eller gå inn i eit eksisterande nettverk. I sjelesorgnettverket har ImF Rogaland eit samarbeid med NLM, der ein utvekslar sjelesørgjarar og konfidantar ved behov.

Det blir spennande dei neste åra å sjå om nettverka i Rogaland blir ein viktig ressurs i misjonsarbeidet. Det meste av misjonen vert drive lokalt der folk bur, og alt handlar om å istandsetja den enkelte person og forsamling til å nå ut med Guds ord til folket.

Jubileum for Flerkulturell leir



Stabling av sukkerbiter var en kjekk aktivitet.

For 10. gang var det leir for familier med ulike morsmål og kulturell bakgrunn på Ognatun. ImF Rogaland har i alle disse årene samarbeidet med Kristent Interkulturelt Arbeid (KIA) om denne leiren.

► Av Torgeir Lauvås

I år var det 85 deltakere, der 55 var barn og 32 voksne på leiren fra fredag 9. august til søndag 11. august. Vi var totalt 17 ledere på leiren. 14 av oss var på hele leiren, mens 3 ledere var bare på dagsbesøk.

I år var været litt utfordrende med bygevær som utfordret litt på de to grillfestene og på uteaktivitetene. En stor teltduk og grillhytta på Ognatun gjorde at vi likevel kunne få til litt utetid mellom bygene. Motto for årets leir var tilgivelse. Både sanger og bibelfortellinger handlet om hva som skjer med oss mennesker når vi våger tilgi, og hva Jesu tilgivelse for oss alle kan gjøre for våre liv og vår framtid. Hoppeslott, aktivitetstivoli, flerkulturelle innslag med sang og dans, konkurranser, skattejakt, jordbærfest, morgentrim, filmkveld og gode prater i salongen med te, nøtter, kaker og kaffe gjorde helgen til en fest for alle oss som var der.



Jorunn Apeland sammen med to smilende deltakere.



Popcorn høyrer med.

Stor aktivitet gjennom sommaren

På Ognatun har det vore ein travel sommar. Link flyktningmottak i Kvinesdal med om lag 100 personar leigde Ognatun nærmare 3 veker i juli. Ei tysk gruppe på 30 ungdommar bruka anlegget vårt i 12 dagar i juli. Og ei gruppe på pilegrimsvandring frå Egersund til Stavanger bruka Ognatun som base og overnatting i 3 dagar.

► Tekst og foto: Terje Slettebø

Sommarsesongen starta med Glad sang dagar i juni. Denne månaden inneheldt også to barneleirar, leirskule, misjonsstemne for Sarepta og bryllaup.

Sommaren på Ognatun vart avslutta i august med bryllaup, gullbryllaup og Fleirkulturell leir.

-Det er veldig kjekt å sjå den store aktiviteten på plassen og alle som brukar Ognatun. Dette er viktig og noko vi er svært glade for seier fungerande avdelingsleiar Anne Birgitte Auestad, og legg til; - Det er også godt med bestillingar for hausten, men det er ikkje for seint å ta kontakt med spørsmål om utleige og catering!



Brettspel er kjekk aktivitet på leir.



Glade leirdeltakarar.



Husets Trekkspelklubb.

OGNATUNBASAR

TORSDAG 26. SEPTEMBER KL.1800

ANDAKT AV LARS AARSETH
SANG AV SÅNGZ
ÅRESALG, HOVEDTREKNING
OG ENKEL MATSERVERING.

HJERTELIG
VELKOMMEN!

Har fått gått i ferdiglagte gjerningar

Livet til Judith og Harald Nærland på Nærbo vitnar om eit par som har fått stått saman i tenesta for Jesus og gått i ferdiglagte gjerningar. Dei har funne sin plass og det har blitt deira kall. Om dei nå er over 80 år, og sjølv omtalar seg som gamle, gleder dei seg over at dei framleis får vera med i tenesta.

► Av Terje Slettebø

Det er Judith og Harald som er drivkreftene i Nærbo musikklag. Ho som ledar og han som pianist.-Musikklaget har betydd enormt mykje for oss sidan det starta opp på 1980 talet. At vi er saman om denne tenesta er ekstra verdifullt for oss, seier Judith, og legg til at fellesskapet i musikklaget er veldig godt og det inspirerer med nye som er blitt med i det siste.

Harald seier dei er bevisste på å syngja songar med godt innhald; -Songane handlar om Jesus, himmelen og Guds omsorg, seier pianisten, som innrømmer at det kriblar i fingrane etter å spela om det blir for lange pausar mellom oppdraga.

Damene i musikklaget er også ute og syng, då kallar dei seg «Dei syngjande bestemødre», Harald får vera med som pianist. Song og musikk har heile livet vore viktig for Judith og Harald. Før musikklaget var dei med og dreiv barnemusikken, ungdomsmusikken og ei gruppe på Nærbo. Og det var som ledere i barnemusikken dei vart kjent med kvarandre.

Ognatun og arbeidet der har også alltid stått ekteparet nært. Dei reiste saman med barna på familieleirane som var på Ognatun i åra etter oppstart i 1964. Judith gjekk saman med andre kvinner og starta basar for Ognatun: -Det var smått med utstyr på Ognatun i den første tida, vi såg behovet for å samla inn pengar til nyttig utstyr på leirstaden. Judith viser oss møteboka for Ognatunforeningen der det står basar i 1966 med inntekt kr 5 140. I 1967 var inntekta 8 000. Utover etter som åra gjekk vart det samla inn stadig større beløp.

Den 22. oktober i 1970 danna kvinnene formelt ei Ognatunforening som skulle arbeida for Ognatun. Judith har vore med i foreninga heile tida; -Nå er vi så få og gamle vi som er igjen at vi har ikkje lenger noko ansvar for basaren, men vi syntest det er så



Judith og Harald Nærland er takknemlige for å ha fått gått i ferdilagte gjerninger.

godt å møtast at vi samlast, les Guds ord, ber saman og gjev kollekt til Ognatun. Vi trur Ognatunforeninga her på Nærbo har fått vore ein viktig økonomisk støttespelar. Leirarbeidet for barn og ungdom er veldig viktig, her var fleire leirar før, vi brenn for leir og håper det kan bli mogleg å få til stor leiraktivitet også framover, seier Judith engasjert og Harald støttar dette engasjementet.

Dei huskar tilbake til tida då Ognatunforeninga hadde heile ansvaret for basaren, sjølv om det var veldig kjekt med basar, var det også strevsamt: Vi i foreninga gjorde alt, laga mat, skaffa gevinstar og rydda og vaska etterpå. Særleg utfordrande var det når nokon kom med gevinstar som vi ikkje syntest var av så god kvalitet at vi kunne lodda dei ut, huskar Judith.

Ekteparet har også opplevd sorg. I 1970 vart son deira på to år på køyrt og døydde.-Det var ei tung tid å det var godt å ha Jesus å gå til med alt det vanskelege og det var godt å ha himmelhåpet. Jesus var med oss og bar oss, seier Judith og Harald, og dei spør;

-Korleis kan ein koma gjennom slik sorg om ein ikkje har Jesus å gå til? Dei huskar også alle gode venner som stilte opp og var til stor hjelp i denne tida, noko dei også er svært takknemlege for. Paret opplever at det er sterkt å snakka om dette også nå så lenge etterpå. Dei har nå tre vaksne barn som alle har familie som dei opplever som ei stor velsigning.

Nå kjenner Judith og Harald på at dei har fått ei teneste mellom dei eldre. Dei har tatt ansvaret for «Vi over 60» på Nærbo bedehus, Og musikklaget/Dei syngjande bestemødre opptre på ulike samlingar der eldre er samla og på institusjonar for eldre: - Vi må prøva å berga flest mogleg for Jesus og himmelen før det er for seint, seier dei med ettertanke! Vi merker gnisten og brannen for Jesus. Den kjem frå Guds ord understrekar dei og viser spesielt til Ef. 2.8-10 «For av nåde er de frelst, ved tru. Og dette er ikkje av dykk sjølv, det er ei Guds gåve. Det er ikkje av gjerningar, så ingen skal rosa seg. For vi er hans verk, skapte i Kristus Jesus til gode gjerningar, som Gud føreåt har lagt ferdige så vi skulle ferdast i dei.

Førjulsleirer på Ognatun 2024



Førjulsleir 1, 3. – 5.kl / 2016 – 2014, 22. – 24.nov
Påmelding Starter: 21.okt kl.17.00
Slutter: 11.nov kl.23.00

Førjulsleir 2, 5. – 7.kl / 2014 – 2012, 29.nov – 1.des
Påmelding Starter: 28.okt kl.17.00
Slutter: 18.nov kl.23.00

Førjulsleir 3, 2.-4.kl / 2017 – 2015, 6. – 8.des
Påmelding Starter: 4.nov kl.17.00
Slutter: 25.nov kl.23.00

Påmelding på: rogaland@imf.no

BØNNE- OG TAKKEEMNE

Be for:

- Vår nye kretsleder og hans arbeid.
- Konfirmantundervisninga i forsamlingane.
- Sjelesorgsarbeidet
- Retreatane på Ognatun
- Ognatun KRIK leir (Tenleiren i 20.-22. sept)

Takke for:

- Skulearbeidet i ImF
- Tilsette på Ognatun
- Dugnadsfolket på Ognatun
- Forkynnarane våre
- Leiarar i barnelag

*Du kan sende inn bøneemner til kretskontoret, så tek vi det med på bønesamlingar som vi har.
Send sms til 459 55 969 eller på e-post: rogaland@imf.no*

OGNATUN Ved til sals:

Sekker med bjørkeved, 60 L, kr 110, pr stk
Pallar med granved, kr 1250 pr stk
Kontakt Magne Skårland tlf. 915 73 157



JULEMARKED

Onsdag 27. nov kl. 17.00 blir det Julemarked for ImF-Rogaland på Ognatun.

Salg av mat, lodd og hovedtrekning m.m.

Sett av dagen! Mer informasjon ville komme etter hvert!

Drøsetilbud

Livet går i bølgedaler.

Ønsker du en
prat om livet?



Booking og mer informasjon:
www.imfrogaland.no/drosetilbud



Rogaland

Trenger du regnskapsfører?

Besøksadresse:

Myrvegen 2, 4344 Bryne
Welhavensv. 19, 4319, Sandnes
Stasjonsvegen 14, 4360 Varhaug
(2. etasje Spar Varhaug)

Kontakt Jonas Varhaug - tlf. 905 79 580, E-post: post@jarok.no

www.jarok.no




Autorisert regnskapsførerselskap



Brit Ege Salongen

Tlf: 51 48 03 72



**Kringsjø
Invistering AS**

**GRUDE
BYGG**

Bedriftsveien 35 - 4353 Klepp Stasjon
tlf.: 51 78 98 50

NYBYGG • PÅBYGG • REPARASJONER

VIGRESTAD BYGG



WWW.VIGRESTADBYGG.NO

Tlf: 958 19 505



NorProfil AS

ALT I ELEKTRISKE INSTALLASJONER
Elektrofag Jæren

Industrigt. 2, 4362 Vigrestad • Tlf: 51 79 11 70 • post@elektrofag.no

En god kontakt på Jæren

EL-PROFFEN

Grude Gartneri

Brekkeveien 18

4353 Klepp Stasjon

bryne rør

**Astor Industri
Eiendom AS**



BRYNE REGNSKAP

Tlf 975 25 110

Post@bryne-regnskap.no

www.bryne-regnskap.no

Pål Hatteland AS

Entreprenør

Mob 99278710



Tlf.: 464 22 022

Bokføring - lønn - årsoppgjør
stiftelser- økonomisk rådgivning

ROTT REGNSKAP OG RÅDGIVNING, TLF. 51 81 81 80 - WWW.ROTTREGNSKAP.NO

ROTT

Le Service A S



**Leplanting
Hageanlegg
Kompoststrø**



4362 Vigrestad

Tlf.: 51 43 75 89 • Fax 51 43 66 53

Mobil: Erik: 982 46 915 • Einar: 982 46 916

WALDELAND MASKIN

- Grusarbeid
- Transport
- Graving
- Grottepark
- Landbruk
- Traktor
- Pressing av rundbæller
- Vintervedbehold
- Bortkjøp og streng



Tlf: 90 79 61 44

JG MASKIN

Jan Gunnar Undheim - Varhaugsvegen 69, 4360 Varhaug
Mobil: 958 28 410 - Fax: 51 43 08 27 - jgunnaus@online.no





**• SERVICE • DELER
• REPRASJONER**

Odd Narve Grude

Næringsbygg

Tlf.: 90 13 95 19

51 42 37 99



Returadresse: ImF Rogaland, Mjølhusvegen 70, 4364 Sirevåg

imf Rogaland
Indremisjonsforbundet



LEIR arbeidar OGNATUN

Planlegga og
gjennomføra leir

Vi tilbyr arbeid på
timar

Leirarbeidar søkes

Har du litt ledig tid vårensemseteret 2025? Trivst du saman med barn og unge på leir? Har du eit ønske om å gje Jesus vidare til neste generasjon?

Vi ønsker å tilsetta deg på timar neste semester. Hovudtyngda vil vera på å gjennomføra leirar her på Ognatun. Ta kontakt om du har spørsmål.

SØK NÅ

51793880 

mail: rogaland@imf.no

Kontortid: 09.00-15.00